

Rettleiing til eigenvurderinga i RefLex

Som ei innhenting av opplysingar til tilsynet skal kommunen fyller ut ei eigenvurdering i RefLex. RefLex er Utdanningsdirektoratet sitt nettbaserte eigenvurderingsverktøy.

Kven skal fyller ut dei fire eigenvurderingane i RefLex?

Barnehagemyndigheita i Masfjorden kommune fyller ut eigenvurderinga i RefLex.

Barnehagemyndigheita loggar seg inn i RefLex og vel først rolla «barnehagemyndigheit», deretter vel de tema «Barnehagemyndighetens veiledning og tilsyn». Masfjorden kommune skal svare på spørsmål 1.1 til og med 1.5, som gjeld «risikovurderingar» i RefLex.

Utfyllande informasjon om kontrollspørsmåla

Kontrollspørsmåla i RefLex gjeld barnehagemyndigheita sine risikovurderingar generelt, og det vil ikkje gå fram av eigenvurderinga at de kun skal svare på korleis de gjer risikovurderingar knytt til kapittel 8 i barnehagelova. Vi gjer dykk derfor merksame på at kontrollspørsmåla de skal svare på er knytt til følgjande føresegner:

- 1.1 Har barnehagemyndigheita oversikt over barnehageeigar sine plikter etter barnehagelova kap. 8 Psykososialt barnehagemiljø?
- 1.2 Har barnehagemyndigheita tilstrekkeleg kunnskap om korleis alle barnehageeigarane oppfyller sine plikter etter barnehagelova kap. 8 Psykososialt barnehagemiljø?
- 1.3 Brukar barnehagemyndigheita denne kunnskapen til å gjere risikovurderingar for å vurdere behovet for rettleiing og tilsyn etter barnehagelova kap. 8 Psykososialt barnehagemiljø
- 1.4 Er barnehagemyndigheita sine risikovurderingar og tilsyn på tema psykososialt barnehagemiljø basert på oppdatert og gjeldande forståing av barnehagelova kap. 8?
- 1.5 Gjennomfører barnehagemyndigheita rettleiing og tilsyn i tråd med sine risikovurderingar?

Svar i fritekstfeltet og dokumentasjon

I tillegg til å svare «ja» eller «nei» på spørsmåla i eigenvurderinga bør det òg gjerast greie for bakgrunnen for svaret i fritekstfeltet, og underbyggjast med dokumentasjon der dette ligg føre.

Kommunen gir vidare Statsforvaltaren tilgang til dei utfylte eigenvurderingane.